

Helse Førde

Vår referanse:
2024/382-5

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:
Karina Nerland

Dato:
19.01.2024

Er nedlegging av Tronvik i tråd med Stortinget sitt vedtak av 7. desember 2023?

Sognarådet interkommunalt politisk råd (IPR) er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Administrasjonen i Helse Førde vil avvikle drifta av Tronvik i Høyanger kommune frå 01.04.24. Helse Førde må spare 130 mill. kr. i 2024 – og kan spare netto 25 mill. kr. i drifta ved å legge ned Tronvik med 15 sengepostar.

Vi stiller spørsmål om det er dei mest sårbare i samfunnet som skal betale prisen for kutt i vårt helseføretak?

Tronvik som institusjon sysselset omlag 30 årsverk er fordelt på 50 tilsette. Dei fleste busette i Høyanger kommune.

Omlag halvparten av pasientane på rusposten kjem frå eige føretak, altså frå «gamle» Sogn og Fjordane fylke. Desse tala har endra seg radikalt etter pandemien. Sognarådet er uroa for at fleire pasientar frå Sogn og Fjordane skal få lengre ventetid mot innlegging og behandling. Vi er også uroa for eit bortfall av kompetanse og kapasitet dersom Tronvik vert lagt ned.

Vi spør om ei avvikling på Tronvik er i konflikt med det såkalla oppdragsdokumentet til Helse Vest, eigaren av Helse Førde. I dette dokumentet er psykisk helse og rusbehandling peika ut som satsingsområde.

Sjølv i tider med økonomiske utfordringar, skal ikkje tilbod innan psykisk helse og tverrfagleg spesialisert rusbehandling råkast. Det er dokumentet frå departementet veldig tydeleg på. Det er også eit tydeleg satsingsområde både hjå førre og noverande regjering.

Det kan ikkje stå på 25 mill. kr. for å legge ned ein så velfungerande institusjon som Tronvik! Det kan heller ikkje stå på «kreative tolkingar» av vedtak gjort av Stortinget som den 7. desember 2023 fatta vedtak om å «umiddelbart stanse» nedbygging i døgnplassar innan psykisk helsevern.

Så kan ein spørje; Er Tronvik å rekne som ein del av psykisk helsevern? Går rusbehandling under psykisk helsevern?

Helse Norge skriv på sine nettsider at «psykiske helsevern er undersøking og behandling av psykiske lidingar», og at det «skjer på sjukehus og i distriktpspsykiatriske sentre (DPS)».

Tronvik høyrer til psykiatrisk klinikk i Helse Førde, og er eit distriktpspsykiatrisk senter!

Sognarådet er mot generelle kutt innan psykiatritenesta som rammer dei mest sårbare i samfunnet. Sognarådet aksepterer ikkje kutt ved Indre Sogn psykiatrisenter (ISP-Rutlin). Drifta ved ISP-Rutlin skal vera same som i dag både når det gjeld døgn, dagtilbod og sommarferie/høgtider.

Med helsing

Roy Egil Stadheim

leiar i Sognarådet

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.